

Framlegg til:

# Reguleringsplan Fiskerihamn Nåra

Gnr 13, bnr 12, Solund kommune

## PLANOMTALE

Med Føresegner



## Innhald:

1. Samandrag
2. Bakgrunn
3. Planprosess
4. Planstatus
5. Beskrivelse av planområdet
6. Beskrivelse av planforslaget
7. ROS-analyse
8. Endringar som følge av planen
9. Innkomne innspel

## **1 Samandrag**

Plassering av reguleringsområdet er på Nåra i Ytre Solund.

Planframlegg omfattar område for fiskerinæring, kai, hamneområde i sjø og tilkomstveg med tilhøyrande frisiktsoner.

Planframlegget er i samsvar med kommuneplanen.

Planframlegget er ikkje i konflikt med kjende kulturminner eller viktige naturområder.

ROS-analysen viser at her er risikoar knytta til naturkrefter frå vind og stormflo, men ikkje spesielle forhold utover det som er på mange andre utbygde områder i Solund.

## **2 Bakgrunn**

### **2.1 Hensikten med planen**

Hensikta med planen er å legge til rette hamn for fiskebåtar og fiskerirelatert næring..

### **2.2 Forslagstillar, plankonsulent, eierforhold**

**Forslagstillar** er :

Sørbu DA  
c/o Fiskarservice AS, Slottsgaten 3  
5003 Bergen

**Planleggar** er:

Sivilingeniør Edvin Helle AS, Pb 143,  
6988 Askvoll

**Grunneigar:**

Sørbu DA  
c/o Fiskarservice AS, Slottsgaten 3  
5003 Bergen

Gnr/Bnr 13/10  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

## **3 Planprosessen**

### **3.1 Medvirkningsprosess, varsel om oppstart, ev. planprogram**

Planprosessen starta med oppstartmøte den 7. juli 2016 med Solund kommune.


Planarbeidet er varsla med:

- Annonse i Firda den 18.08.2016.
- Skriftleg varsel til grunneigarar og naboar den 18.august 2017 med frist for merknad 26. september 2016

## **4 Planstatus og rammebetingelser (Med vekt på avvik fra overordnet plan)**

### **4.1 OVERORDNA KOMMUNALE PLANAR:**

#### **4.1.1 Kommuneplanen sin arealdel 2008-2020, vedteken 20.04.2010**



#### **På kommuneplankart er vist områda:**

N16 – Næring - Fiskeri

Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd

### **4.2 Statlige planretningslinjer/rammer/føringer**

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Fastsatt ved kgl.res. av 25. mars 2011, jfr. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2

Det må i planen bli settast byggegrenser mot sjø.

## **5 Beskrivelse av planområdet, eksisterende forhold**

### **5.1 Plassering**

Planområdet ligg på Nåra på vestsida av Ytre Steinsund i Solund kommune.

Vegsamband til kommunesenteret Hardbakke via ferje over Ytre Steinsund.



Kart 1:50 000



Flyfota av det tidlegare ferjeleiet på Nára, med innteikna grense for reguleringsplanen. Fiskebåten Sjarmør ligg ved kai. Området er i dag nytta som kai og lager for reiskap og utstyr. Kommuneplanen set krav om regulering for tiltak på området.

## 5.2 Landskap



Nårasund er klassifisert som landskapstype/område: LT 20-T05.11 i rapporten:

«Landskapskartlegging

av kysten i Sogn og Fjordane fylke Landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med

Fylkesdelplan for vindkraft «

Produsert av: Aurland Naturverkstad AS Postboks 27, 5741 Aurland

### Landskapstype LT 20-T 05 Våg- og smalsundlandskap:

Ein svært vanleg og småskala LT i LR 20. Mest vanleg i tilknytning til småfjordane og smalsunda eller den indre skjergarden, men dannar og små lune LO ut mot oppe hav eller fjordbasseng. Det som skil dei frå den oppe skjergarden er eit meir lukka og veldefinert landskapsrom. Inne i vågen og smalsunda vert landskapsrommet skjerma og småskala. Avstanden til land er alltid kort og dei små vassflatene gjer at ein ofte har lita eller ingen visuell kontakt ut av LO. Unntaka er dei LO der vågen eller sundet opnar seg opp mot fjordbasseng eller oppe hav. LO er direkte knytt til den overordna formstrukturen i den låge strandflata her ytst langs kystlinja. Strandlinja har ein flikete karakter. Ofte startar LO med eit smalt og snirklande småsund som skjer seg inn mellom dei låge kystheiane, før ein kjem inn til ein open og lun våg. Dei små LO som formar gjennomgåande smalsund, dannar rolege og tronge ferdselskorridorar mellom småfjordar og storsund. Lågt relieff frå strandkanten og opp mot dei låge kystheiane er vanleg, men stadvis grensar LO i mot bratte fjellveggar til dei ytre kystfjella

Historisk har kombinasjonen av fiske og jordbruk vore livsgrunlaget her ute. I fleire av dei lune vågane ligg mindre og ofte velhaldne kulturmiljø med gardar og små hamneanlegg (eks; 04, 10, 13, 15, 33). Desse miljøa representerar anten mellomstore gardar eller små husmannsplassar. Større handelsstadar er oftast lokalisert i dei større ferdselskorridorane i storsunda (20T06). I dag er fleire av LO halde godt i hevd med utmarksbeite og skjøtsel (eks; 03, 04, 10, 14, 33).

Riksvegane som bind saman øyane går gjennom fleire av LO. Her ligg dei like i overkant av strandlinja og er ofte godt synleg. Ute på øyane fins jordbruksmark berre som stadvise grasmarker, spesielt opp frå pollen eller i sida på dei oppe vågane


## 5.2 Kulturminner og kulturmiljø

Det er ingen kjende kulturminner i området.

I fylkesatlas er det ingen registreringar i dette området.

## 5.3 Naturverdier

Naturmangfaldlova set krav til omtale/ vurdering av planen sin verknad på naturmangfaldet.



Utskrift av Fylkesatlas som viser viktige naturområde.

Det er ikkje registret viktige naturområde innanfor planområdet. Nærmast er Kobbholmen som ligg nord for Nåresundet. Der er registret lokal sjøfugllokaltet. Lenger aust ligg Oddeholmane sjøfuglreservat.

## 5.4 Rekreasjonsverdi/ rekreasjonsbruk, uteområder

Reguleringsområdet er ikkje nytta til ferdsel eller rekreasjon, då området er eit tidlegare ferjeleie.

## 6 Beskrivelse av planforslaget

### 6.1 Planlagt arealbruk

Total areal plan: 5,5 daa

#### 6.1.1 Reguleringsformål

##### BYGG OG ANLEGG (PBL § 12-5, 1 ledd)

Næringsbebyggelse(1300) 1,6 daa

##### SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTUKTUR (PBL § 12-5, 2.ledd)

Kai (2041) 0,6 daa

Kjøreveg (2011) 0,1 daa


Annen veggrunn-grøntareal 0,8 daa

##### BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (pbl § 12-5, 6.ledd)

Havneområde i sjø (6220) 2,4 daa

## 6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

### 6.2.1 Kai





Område regulert til kai omfattar eksisterande ferjekai, som kan forlengast mot nordvest innanfor eigedomsgrense, og kai langs eksisterande steinfylling sør for ferjekai. Bredda på kai her må tilpassast slik at det vert djupne for tilflot av båtar.

### **6.2.2 Næringsbebyggelse**

Dette området kan nyttast til bygg for lager og reoperasjon av reiskap og utstyr for fiskebåtar, samt for bygg for fiskerirelatert næring, Nokre bygg som t.d notlager krev stor høgde. Maksimum høgde på bygg er derfor sett til 12 meter.

Innan for dette området skal det og vere plass til parkering og snuplass for lastebil.

### **6.2.3 Havneområde i sjø (utan skravering)**

Området skal nyttast til plass for båtar som ligg langs kai eller i bøye. Det kan og leggest ut flytekaier i dette området.

### **6.2.4 Kjøreveg**

Tilkomstveg frå fylkesvegen

### **6.2.5 Annen veggrunn - grøntareal**

Areal langs fylkesveg som er omfatta av frisktsoner.

## **6.3 Trafikkløysing**

### **6.3.1 Køyreatkomst**

Regulert område omfattar tilkomst frå fylkesveg 31. Det vert snuplass på eiga tomt.

### **6.3.2 Frisiktkrav**

Fylkesveg 31 er einfeltsveg med fartsgrense 80 km/t. Vegen sluttar ved kai/butikk eit par hundre meter etter regulert område. Det er lite trafikk på vegen og planlagt avkøyrsløse vil kun vere periodevis i bruk. Vegen har horisontalradius på 50 meter og møtesikt er ned mot 40 meter (målt på kart og video Google Maps).

Dette er iflg Vegvesenet si handbok 100, ein standard for nye vegar med fartsgrense **under** 60 km/t.

Det er lagt til grunn ein fart på 60 km/t og krav til lengde på friskt til 75 meter målt lang fylkesveg

## **6.4 Universell tilgjengelighet**

Kai og tomt for næring, samt parkering vert på same nivå eller har stigning mellom nivåa som gjer at det kan nyttast rullestol.

## **6.5 Statlige planretningslinjer/rammer/føringer**

**Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen**

**Fastsatt ved kgl.res. av 25. mars 2011, jfr. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2**

Planen føreset fylgjande byggegrenser mot sjø og tiltak i sjø og strandlinje:

### **6.5.1 Kai**

Byggegrense vert i formålsgrænse mot havneområde i sjø

### **6.5.2 Næringsbebyggelse)**

Byggegrense i formålsgrænse mot kai.

## 7 ROS-analyse

ROS-analyse er utført på grunnlag av situasjonen i dag og etter utbygging.  
 ROS-analysen er utført av Sivilingeniør Edvin Helle

### RISIKOMATRISSE : "ROS-analyse"

- Rødt indikerer uakseptabel risiko. Tiltak må iverksettes for å redusere denne til gul eller grønn.
- Gult indikerer risiko som bør vurderes med hensyn til tiltak som reduserer risikoen
- Grønt indikerer akseptabel risiko.

SANNSYNLIGHET	5. Svært Sannsynlig/kontinuerlig	5	10	15	20	25
	4. Meget sannsynlig/priodevis, lengre varighet	4	8	12	16	20
	3. Sannsynlig/fjere enkelttilfelle	3	6	9	12	15
	2. Mindre sannsynlig/kjerner tilfeller	2	4	6	8	10
	1. Lite sannsynlig/ingen tilfeller	1	2	3	4	5
		1	2	3	4	5
	Ubetydelig	Mindre alvorlig/ en viss fare	Betydelig /kritisk	Alvorlig/farlig	Svært alvorlig/katastrofalt	
	KONSEKVENNS					

- Hendelser i røde felt: Tiltak nødvendig, i utgangspunktet ikke akseptabelt
- Hendelser i gule felt: Tiltak må vurderes.
- Hendelser i grønne felt: Ikke signifikant risiko, men risikoreduserende tiltak kan vurderes
- Tiltak som reduserer sannsynlighet vurderes først. Hvis dette ikke gir effekt eller er mulig, vurderes tiltak som begrenser konsekvensene

Vurdering av sannsynlighet for uønsket hendelse er delt i:


- Svært sannsynlig/ kontinuerlig (5): Skjer ukjentlig/ forhold som er kontinuerlig tilstede i området

- Meget sannsynlig/ periodevis, lengre varighet (4): Skjer månedlig/ forhold som opptrer i lengre perioder, flere måneder
- Sannsynlig/ flere enkelttilfeller (3): Skjer årlig/ kjenner til tilfeller med kortere varighet
- Mindre sannsynlig/ kjenner tilfeller (2): Kjenner 1 tilfelle i løpet av en 10-års periode
- Lite sannsynlig/ ingen tilfeller (1): Kjenner ingen tilfeller, men kan ha hørt om tilsvarende i andre områder

Vurdering av konsekvenser av uønskede hendelser er delt i:

1. Ubetydelig/ ufarlig: Ingen person eller miljøskader/ enkelte tilfeller av misnøye.
2. Mindre alvorlig/ en viss fare: Få/små person- eller miljøskader/ belastende forhold for enkeltpersoner.
3. Betydelig/ kritisk: Kan føre til alvorlige personskader/ belastende forhold for en gruppe personer.
4. Alvorlig/ farlig (behandlingskrevende) person- eller miljøskader og kritiske situasjoner
5. Svært alvorlig/ katastrofalt: Personskade som medfører død eller varig men; mange skadd; langvarige miljøskader.

## 7.1 Rasfare



Kart fra NVE Atlas som viser «aktsonhetsområde» for skred og flaum.

Innanfor regulert område er det avmerka eit aktsomhetsomr de for flaum. N r vi ser p  kartet og ved synfaring i terrenget, er det vanskeleg   finne fornuftige forklaringar p  plassering og avgrensing. Vi tolkar skravur innanfor regulert område til   gjelde aktsomhet for havstigning og b lgep kjenning. Dette r medteke i pkt 7.2.

## 7.2 Klimaendringar /Flaumfare

Ingen elvar eller bekkar som kan medf re flaum.

Det regulerte omr det ligg i ytre del av kysten som har lite nedb r samanlikna med fastlandet innanfor. Ein auke nedb rsmengde, eller meir intense nedb rsperiodar vil ikkje medf re problem for bygg eller arealet kring.

Generelt er det den framtidig havstigning som vil medf re dei st rste problema for kysten:

For ny bebyggelse skal sikkerhetsklassene i TEK10 legges til grunn i planleggingen. Klassifiseringen er tredelt og laveste niv  omfatter bygninger uten bemanning, som lagerbygg og garasjer, deretter f lger bygg hvor konsekvensene er store, men ikke kritiske. H yeste sikkerhetsklasse omfatter bygg som huser s rbare og viktige samfunnsfunksjoner, som sykehus, politi og brannvesen, se TEK10   7-2.

### Havstigning/Stormflo basert p :

**DSB: «Havniv stigning og stormflo –samfunnsikkerhet i kommunal planlegging.» / Sea Level Change for Norway- Past and Present observation and Projections to 2100. Tal fr  RCP8.5 for  ra 2081-2100**

#### Sikkerhetsklasse F1:

141 cm for 20- rs returniv  + 70 cm havniv stigning -5cm (NN2000) = 206 cm

#### Sikkerhetsklasse F2:

155 cm for 20- rs returniv  + 70 cm havniv stigning -5 cm (NN2000) =220 cm

#### Sikkerhetsklasse F3:

162 cm for 20- rs returniv  + 70 cm havniv stigning -5 cm (NN2000) = 227 cm

For bygg n r sj en m  b lgep kjenning vurderast s rskilt.

Bygg i sikkerhetsklasse 2 og 3 vert plassert p  min. kote 3,0 (NN2000). Bygg i sikkerhetsklasse 1 skal ligge p  min kote 2,5. For lager/sj buer som er bygd for   t le at sj en kjem inn over golvniv , b r det kunne vurderast l gare niv .

Kaier m  byggast for   t le maksimale b lgep kjenning ved stormflo.

Risiko 4.

## 7.3 Vind

Det regulerte omr det er verna av N ra og vegfylling. Tilkomst er gjennom N rasund fr  nord.

Omr det vil vere utsett for kraftig vind. Etter orkanane/stormane i 1992, 1993 og 1994 vart NS for vindlaster vurdert og for deler av kysten vart vindlastene oppjustert.

Det er viktig at prosjekterande og utf rande kontrollerer at laster og tabellar baserer seg p  dei rette vindlastene.

Alle bygninger og konstruksjoner skal dimensjoneres etter:  
NS-EN 1991-1-4:2005+NA:2009

Variasjonen i vindstyrke mellom i ulike deler av kommunen vert ivareteke ved bruk av terrengkategoriar og topografifaktorar.

Det skal brukast terrengkategorinr 0, Åpent opprørt hav  
Risiko 6

#### **7.4 Skog og lyngbrann**

Regulert område er uten skog eller lyng og området er avgrensa av fylkesveg.  
Uaktuelt

#### **7.5 Brann og eksplosjon**

Det er ingen nærliggande bygningar eller anlegg som medfører eksplosjonsfare eller fare for brannsmitte.

Ferdig utbygd vil det vere fare for brann i bygningar og i båtar som ligg til kai.

Brannsjefen opplyser at brannstasjonen ligg i kommunesenteret på Hardbakke og utrykning ved brann skjer med bil frå kommunesenteret. Brannvesenet disponerer også pumper som kan transporterast med båt.

Ein brann vil medføre matrielle skader men risikoen for personskader er lite sannsynleg.  
Risiko 6

#### **7.6 Kjemikalieutslepp og akutt forureining**

Området skal fungere som fiskerihavn og det vil bli oppbevart drivstoff og oljerelaterte produkt.

Disse må oppbevarast og handterast etter gjeldande regelverk.

Risiko for uhell vil vere til stades og det må lagast risikovurdering og lagast plan for tiltak ved uhell.  
Risiko 4

#### **7.7 Trafikkfare**

Liten fare for trafikkulykker i det aktuelle området.  
Risiko 3

#### **7.8 Skipsfart**

Strandlinja i det regulerte område vil vere sårbart for skipsulykker.  
Risiko 3

#### **7.9 El-forsyning**

Forsyning av straum via luftlinjer og sjøkablar.

Ingen spesielle forhold.

Risiko 3

**På grunnlag av ROS-analysen ovanfor vert risikomatrissa for ein situasjon etter utbygging slik:**

Hendingar	Aktuelt	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar
Rasfare	Nei				
Klimaendring/ Stormflod/ Flaumfare	Ja			4	
Vind	Ja	Mindre sannsynleg	Betydeleg	6	Ved dimensjonering etter Norsk standard er risiko for skade mindre sannsynleg. TEK 10 har krav om dimensjonering etter NS.
Skog og lyngbrann	Nei				
Brann og eksplosjon	Ja	Mindre sannsynleg	Betydeleg	6	
Kjemikalieutslepp og ureining	Ja	Mindre sannsynleg	Mindre alvorleg	4	
Trafikkfare	Ja	Lite sannsynleg	Betydeleg	3	
Skipsfart	Ja	Lite sannsynleg	Betydelig	3	
El.forsyning	Ja	Sannsynleg	Ubetydlig	3	

## **8 Endringer som f lge av planen**

### **8.1 Kulturminner og kulturmilj **

Ingen kjende kulturminner i utbyggingsområdet.  
Konsekvensar for kulturminner: Ingen

### **8.2 Naturverdier**

Ingen registrerte viktige naturverdiar i området.  
Konsekvensar for naturverdiar:

Utbyggingsomr da p  land vil medf re oppfylling av eit område som skr ningar med stein fr  tidlegare bygging av ferjekai.

Vurderingane i forhold til naturmangfold er knytta til tiltaket si p virkning i og n r planområdet, samt korleis naturmangfoldet evt kan rehabiliterast etter inngrep.

Etter tiltakshavar sin vurdering er innhenta kunnskap tilstrekkeleg sett i forhold til saka sin karakter og risiko for skade p  naturmangfoldet, jf. naturmangfoldlova   8.

Etter v r oppfatning har ikkje tiltaket negativ effekt p  naturmangfoldet i ein slik grad at tiltaket ikkje b r gjennomf res, jf. naturmangfoldlova   10.

Den samla milj belastningen i området vert vurdert   v re akseptabel

### **8.3 Landskap**



Omr det er tidlegare utbygt.

Dei nye elementa vert forlenging av kai og bygningar. Bygningane kan verte store, men det bratte og kuperte terrenget bak ferjekai vil dempe ned intrykket av bygningane.

## **8.4 Rekreasjonsverdi/ rekreasjonsbruk, uteområder**

Området har ikkje vore nytta til dette føremålet, Det vert ingen endringar.

## **8.5 Samfunn**

Utbygging av området vil sikre arbeidsplassar om bord på båtane og tenester til båtane. Bruk av lokalbutikk og andre servicetenester.

## **8.6 Jordressurser/landbruk**

Utbygginga har ingen konsekvensar for landbruket.

## **8.7 Teknisk infrastruktur**

### **8.7.1 Trafo/el.forsyning.**

Uttale frå Sunnfjord Energi:

«Eksisterande nettstasjon er plassert om lag 200 meter nord for utbyggingsområdet.

Ein må forvente at denne må skiftast til ein større dersom planane om fiskerihavn vert realiserte. Dersom nettstasjonen blir ståande der den er i dag, må lågspenttilførselen fram til hamna forsterkast. Ved svært store effektuttak, må det truleg først opp ein ny nettstasjon inne på området. Den bør i så fall av omsyn til effektuttaket plasserast nær lasttyngdepunktet, minimum tre meter frå vegkant og utanfor vegen si frisisiktsone. «

Med dagens planar er det ikkje rekna med svært store effektuttak og det er ikkje sett av plass for ny nettstasjon innanfor regulert område.



## 9 Innkomne innspel

### 9.1 Fiskeridirektoratet region vest:

I følgje våre kartdata er det registrert eit gyteområde for torsk ca. 1,5 km nord for det planlagde området. Vi ber om at de tar omsyn til dette i det vidare planarbeidet, særleg med tanke på eventuell utfylling i sjø. Elles har vi ingen merknader til oppstart av reguleringsplanarbeidet.

#### Planleggjar sin kommentar:

Planen vil ikkje medføre tiltak med negative konsekvensar for gyteområdet.

### 9.2 Fylkesmannen:

Merknadene våre kjem fram av skrivet «Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsplanarbeid». Skrivet ligg vedlagt og er elles tilgjengeleg på heimesidene våre under Plan og bygg > Arealforvaltning. Vi viser særleg til kap. 6. Landskap/estetikk, 11. Ureining og 13. Samfunnstryggleik og beredskap.

#### Planleggjar sin kommentar:

Merknadane vert teke til etterretning.

### 9.3 Kystverket:

Kystverket er positive til at dette området vert regulert til fiskeriføremål. Me vil samstundes påpeike at tiltak i fiskerihavn er søknadspliktige etter hamne- og farvasslova og skal handsamast av Kystverket. Me ber om at dette vert teke inn i føresegnene. Me ber om at planen vert sendt oss på høyring når denne føreligg.

#### Planleggjar sin kommentar:

Sakshandsamingskrav er med i føresegner.

### 9.4 Fylkeskulturkontoret:

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet har gjort slik uttale til saka:

«Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Nåra fiskerihavn i Solund kommune som kan bli direkte råka av det planlagde tiltaket. Ut frå tidlegare erfaring har tidlegare fergeleie ofte særleg lågt potensial for maritim kulturminne grunna hard bruk av motor i lang tid. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Bergens Sjøfartsmuseum gjer der for merksam på at:  
**Tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje ta kast opp att før Bergens Sjøfartsmuseum har undersøkt og eventuelt frigjeve området.**

Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne. Vi ber om at det utheva avsnittet ovanfor vert teke med i føresegnene til reguleringsplanen. Marinarkeolog Eirik Søyland er kontaktperson for Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum. Han kan treffast på telefon, 55 54 96 02 eller på e - post, [marinarkeologi@sjofartsmuseum.no](mailto:marinarkeologi@sjofartsmuseum.no)  
Lukke til med planarbeidet.»

**Planleggar sin kommentar:**

Utheva avsnitt er teke med i føresegnene.

### **9.5 Sunnfjord Energi:**

«Vi viser til varsel om oppstart av ovannemnde reguleringsplan.

Nettselskapet har etter energilova områdekonsesjon i Solund kommune. Det inneber at vi etablerer og driftar straumnettet i kommunen.

Hovudformålet med planarbeidet er å legge til rette for fiskerihavn på eit 4,7 daa stort område ved det gamle ferjeleie på Nåra.»

«Eksisterande nettstasjon er plassert om lag 200 meter nord for utbyggingsområdet. Ein må forvente at denne må skiftast til ein større dersom planane om fiskerihavn vert realiserte. Dersom nettstasjonen blir ståande der den er i dag, må lågspenningstilførselen fram til hamna forsterkast. Ved svært store effektuttak, må det truleg først opp ein ny nettstasjon inne på området. Den bør i så fall av omsyn til effektuttaket plasserast nær lasttyngdepunktet, minimum tre meter frå vegkant og utanfor vegen si frisisiktsone. «

«Når detaljplanen ligg føre, vil SE vurdere nettkapasitet, spenningsfall og nettstasjonsplassering. Vurdering og fastsetjing av rett lastflyt er svært viktig, og rette data her kan ofte spare nettselskapet for til dels store investeringar og reinvesteringarkostnader.

Dersom det må etablerast ny nettstasjon, er det normalt ynskjeleg med 400V sekundærspenning (TNCS – system). Det vil gje auka kapasitet og betre utnytting av nettet samanlikna med tradisjonell 230 V spenning.

Kart som viser planlagt VA- og TELE er og nyttig for vurdering av eventuelle felles grøftetraser.»

«Utbygger bør ta kontakt med nettselskapet for å avklare behov for nettutbygging og utforming av nettløysning i god tid før arbeidet skal utførast. Det er viktig for Sunnfjord Energi med tidleg og god informasjon om det planlagde arbeidet. Vi ynskjer difor å vere med i den vidare planprosessen.»

**Planleggar sin kommentar:**

**Merknadane er teke til etterretning.**

**Det er ikkje sett av areal til ny nettstasjon då vi ser på eksisterande plassering av transformator som godt dekkande. Tiltakshavar vil ta kontakt for felles planlegging av tekniske anlegg i feltet.**

### **9.5 Statens vegvesen:**

Ingen merknader til varsel.

## Reguleringsf resegner for:

Detaljreguleringsplan for:

### Fiskerihavn N ra, Gnr 13, bnr 12, Solund kommune

####   1 GENERELT

1.1 Omr det er regulert til f lgjande f rem l:

- **BYGG OG ANLEGG (PBL   12-5, 1 ledd)**
- N ringsbebyggelse(1300) 1,6 daa
  
- **SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTUKTUR (PBL   12-5, 2.ledd)**
- Kai (2041) 0,6 daa
- Kj reveg (2011) 0,1 daa
- Annen veggrunn-gr ntareal 0,8 daa
  
- **BRUK OG VERN AV SJ  OG VASSDRAG (pbl   12-5, 6.ledd)**
- Havneomr de i sj  (6220) 2,4 daa

#### 1.2 Tekniske anlegg:

F r det vert gjeve byggjel yve i omr det, skal det utarbeidast ein plan som viser l ysing for vassforsyning og utslepp for heile feltet samla. Planen m  godkjennast iht ureiningslova. Omr det skal sikrast med gjerde.

#### 1.3 Kulturminne

Dersom det i samband med arbeida vert oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stoppast og funnet skal meldast til kulturminnemyndigheiten i i Sogn og Fjordane. Dersom det vert oppdaga skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne p  sj botnen, pliktar tiltakshavar pliktar   gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum. Dersom kulturminne p  sj botnen kan bli r ka av tiltaket, m  arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda m  i s  fall ikkje ta kast opp att f r Bergens Sjøfartsmuseum har unders kt og eventuelt frigjeve omr det.

#### 1.4 S knadsplikt Hamne- og farvasslova.

Tiltak i fiskerihavn er s knadspliktige etter hamne- og farvasslova og s knaden skal handsamast av Kystverket.

  2

#### AVGRENSING

Dei regulerte omr da er vist p  plankart i m lestokk 1 : 1000 med reguleringsgrenser. Innanfor denne grensa skal arealet disponerast som vist p  planen.

  3

#### BYGG OG ANLEGG (PBL   12-5, 1 ledd)

3.1 Form l, byggegrenser, utnytting og byggeh gder :

##### N ringsbebyggelse:

Omr det skal nyttast for bygg som har fiskerirelatert f rem l. Slik som lager for utstyr og reiskap, samt n ringsbygg for produkt fr  havet eller tilverknad av utstyr til bruk i fiskeriverksemd.

- Det er krav om minimum 1 biloppstillingsplass pr. 100 m  bruksareal innanfor eiga tomt.

- Maksimum tillatt prosent bebygd areal, %-BYA er 60%.
- Maksimum tillatt mønehøgde innenfor området er 12 meter.
- Bebyggelsen skal ha saltak eller flatt tak.
- Bebyggelsen skal ha avdempa fargebruk.
- Golvnivå for bygg i:
  - sikkerhetsklasse F1 skal ligge på minimum kote +2,5 (NN2000),
  - i sikkerhetsklasse F2 og F3 skal ligge på minimum kote +3,0 (NN2000)
- Byggegrense mot naboieigedom i nord og aust er 2 meter, mot naboieigedom i sør 4 meter, mot kai er byggegrensa lik formålsgrensa

For alle byggjetiltak innanfor området er det krav om situasjonsplan som skal vise

- Plassering, form, høgde og møneretning på bygg
- Tekniske løysingar for vatn og avløp.
- Tilkomstveg, interne vegar og parkering
- Gjerder med plassering og utforming.

### 3.2 Sikring mot ureining

Alle petroleumsprodukt skal lagrast slik at det ved uhell/lekkasjar ikkje skjer avrenning til grunnen eller til sjøen.

## § 4

### **SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTUKTUR (PBL § 12-5, 2.ledd)**

#### 4.1 Kai

Området skal nyttast til kai for fiskebåtar.

Det kan førast opp mindre bygg og anlegg i tilknytning til drift av kai og service for fiskebåtane.

- Byggegrense mot sjø er lik formålsgrense.

#### 4.2 Kjøreveg

Området skal nyttast til kjøreveg/tilkomstveg til regulert område.

#### 4.3 Annen veggrunn-grøntareal

Området skal nyttast som sideareal til fylkesveg. Området er dekket av frisisiktsone, jf §6 punkt 5.1.1

## § 5

### **BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (pbl § 12-5, 6.ledd)**

#### 5.1 Havneområde i sjø.

Plass for båtar som ligg ved kai eller i bøye.

Det er lovleg å legge ut flytekai for tilkomst til båtar.

## § 6

### **HENSYNSSONER**

#### 5.1 Sikringssoner

5.1.1 I frisisiktsoner som er vist på plankartet skal det vere frisisikt 0,5 m over tilstøtende vegbane.

Bygg, anlegg eller vegetasjon som kan hindre sikten er ikkje tillatt. Innenfor frisisiktlinjer skal det ikkje vere sikthindrende vegetasjon, gjerder, murer eller lignende med høgde over 50cm over tilstøtende vegers planum. Enkeltstolper og høystammede trær kan tillates.